



Stridens eple i planen er dette, her sett frå fjorden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Regueringsplanen for turistanlegga i Uskedalen er no sendt departementet av verksemdsleiar Tormod Fossheim og dermed er denne føljetongsaka inne i ein avgjerande fase. Fossheim konstaterer i skrivet sitt at kommunestyret ikkje tok motsegna frå fylkesmannen mot campingområde C3 til følge og dermed kan ikkje planen eigengodkjennast i kommunen. Fossheim gjev departementet eit historisk oversyn: Det har no gått 5 år sidan arbeidet med planen starta. Her er nokre hovudpunkt:**

- \* Oppstart vart kunngjort i mars i 2006
- \* Planen vart lagt til offentleg ettersyn i februar 2008
- \* Fylkesmannen hadde motsegn mot C3
- \* Det vart drøftingar med partane og fylkesmannen utan resultat.
- ' Nytt planforslag vart sendt fylkesmannen i juni 2010 med oppmoding om å trekkje motsegna, men svaret var at motsegna stod ved lag.
- \* Nytt planforslag vart behandla i forvaltningskomiteen i september 2010 og mekling vart vedteke gjennomført.
- \* Mekling gjennomført i februar 2011 utan resultat.
- \* Planen vart godkjent i kommunestyret i mai i år utan at motsgna var trekt.

Fossheim strekar under at kommunen hevdar området eller neset der C3 ligg er eit kunstig område bygd opp av fyllmassar med små naturverdiar. Campingvagnar vil heller ikkje ha vesentlege konsekvensar for natur og biologisk mangfald.

Allmenta forhold seg til campingvagnar i dag og dette vil ikkje verta endra i framtida. i den nye planen er det også presisert at området er ope for almenta. Rådmannen meiner difor at nærings- og utviklingsinteressene for Uskedalen veg tungt og at C3 vil vera i marginal konflikt med allmenne interesser.

Fossheim skriv at prosessen og planen har oppretta ein balanse mellom dei 2 grunneigarane og hvis det bli r gjort grunnleggjande endringar kan samarbeidet verta skipla. Planen slik han ligg føre er ein viktig faktor for vidareutvikling av Uskedalsamfunnet

Fossheim kjem også inn på dei nye statlege retningslinene or strandsona med Kvinnherad i sone 3 der det skal vera friare og meir lokalt sjølvstyre og der det skal også leggjast meir vekt på næringsutvikling og arbeidsplassar.

Av Ola Matti Mathisen